



# Heilag handling, heilag tid, heilagt rom

Ei innføring i gudstenesteforståing - utarbeidd av sekretariatet i Kyrkjerådet

## INNHALD:

### Heilag handling

Kvar søndag er ein påskedag  
Liv frå kjelder utanfor oss sjølve  
Det synlege og det usynlege *vi*  
Lyset frå den andre sida  
Mellom "vi" og "eg"  
Samling «i alles sted»  
Lovsongen – livsens inste meining  
Gudstenestelivet - mellom tradisjon og fornying  
Luthersk forståing av gudstenesta  
Når evangeliet slår rot  
Gudsteneste og overlevering av trua  
Gudstenesta som kulturberar

### Heilag tid

Utgangspunktet for kyrkjeåret  
Påske og pinse  
Jul og openberringstida  
Treeiningstida  
Å leva i kyrkjeåret  
Liturgiske fargar

### Heilagt rom

Frå tempel og synagoge til kyrkje  
Bøneretning mot aust (*ad orientem*)  
Bøneretning mot folket (*versus populum*)  
To hovudformer for kyrkjebygg  
Inventaret i kyrkjerommet  
Utforming av gudstenesta i ulike kyrkjerom

# heilag handling

---

## Kvar søndag er ein påskedag

Når kristne over heile verda samlast til gudsteneste på *søndagen*, følger vi ein tradisjon som går like tilbake til den eldste tid i kyrkja. Det var Jesu oppstode *den første dagen i veka* som gjorde at ein fekk ein ny dag til gudstenestefeiring. Søndagen vart gudstenestedag for dei kristne (Apg 20,7). Denne dagen kom dei saman og feira Jesu død og oppstode, og slik har det vore heile tida sidan, gjennom 2000 år. Å velja denne dagen samsvara òg godt med at søndagen vart oppfatta som «den første skapingsdagen», sidan Kristi oppstode inneber ei nyskaping.

Gudstenesta på søndagen er ei påskedagshending kvar veke, på grunnlag av Kristi forsoning. Her er pulsslaget for livet i kyrkjelydane, hos oss og over heile verda: Kvar søndag er ein påskedag.

## Liv frå kjelder utanfor oss sjølve

I gudstenesta møter Gud oss som den nærverande og handlande. Kyrkjelyden lever av at Gud handlar gjennom nådemidla, Ordet og sakramenta. Når vi les evangeliet og bryt brødet, blir vi dregne inn i det som hender, og blir samtidige med det. Her gjeld det som blir kalla Guds *evige no*, utan dei avgrensingane som tid og rom elles set for vårt liv.

Difor har gudstenesta alltid hatt preg av forventning, anten det er i glede eller i sorg vi samlast for Guds andlet. Vi får be, slik det står i ein av salmane våre: «Kom til oss Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv» (Svein Ellingsen). Vi gjer det fordi vi deler ei von og ei erfaring med dei første kristne: «Verken død eller liv (...) skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre» (Rom 8,38–39). Frå framtida kjem den krossfeste og oppstadne inn i våre liv med kreftene frå Gudsriket. Død og grav er ikkje lenger det siste, men oppstode og evig liv. Vi har vona om at det sukket av lengsel som går gjennom alt det skapte, skal få si utløysing i fridom og herlegdom (Rom 8,21).

## Det synlege og det usynlege vi

Søndag etter søndag blir eit gudstenestefeirande *vi* synleg i den lokale kyrkjelyden. Men det synlege *vi* er endå større. Det famnar alle som feirar gudsteneste i vår eiga kyrkje og i systerkyrkjene i vårt eige land. Dette vide fellesskapet går inn i eit verdsomfattande *vi*, der millionar på millionar menneske samlast til kristen gudsteneste over heile jorda.

Men det finst eit usynleg *vi* som er ufatteleg mykje større. Og om det er usynleg og ikkje lèt seg telja, er det ikkje mindre verkeleg av den grunn: Der høyrer alle dei til som har gått føre oss og no er heime hos Gud. Dette usynlege, men verkelege blir vi minte om kvar gong orda lyder i sjølve hjartet av liturgien: «Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong.» Når kyrkjelyden lokalt samlast til gudsteneste og tilbed den Gud som held

himmel og jord i sine hender, er heile dette *vi* til stades i Guds evige no.

## Lyset frå den andre sida

Lovsongen frå Guds kyrkjelyd i himmelen og på jorda minner oss om at gudstenesta hentar lys, ikkje berre frå livet her og no, men òg frå det livet som er løynt med Kristus i Gud (Kol 3,1 f.). Mot alle tankar som gjer livet smått, reiser gudstenesta ein flammande protest: Livet er meir, mennesket er meir, skapt ikkje berre for tida, men for æva. Livet er heilagt, fordi Gud vil livet.

Lyset frå den andre sida minner oss om det målet Gud har sett for vårt liv, men også meir enn det: Undervegs mot Guds evige rike blir vi kalla til eit frømt, men jordvendt liv, i kamp for medmenneska våre som er truga, og like eins jorda vår som er truga. Gudstenesta inneber difor ei veksling og rørsle: frå Gud til menneske – og frå menneske til Gud. Og denne rørsla held fram på ein annan måte: frå livet for Guds andlet til livet i Guds verd – i etterfølging og teneste. Difor blir det eit kall for kyrkja å leva som ei forsoningsrørsle i verda og slik kalla mennesket til forsoning med alt som lever: Ved Kristus ville Gud «forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen» (Kol 1,19–20).

## Mellom *vi* og *eg*

Å feira gudsteneste er ei fellesskapshandling: Vi er *saman* for Guds andlet, men òg slik at det er rom for det individuelle *eg*. Som menneske med ulike føresetnader og ulike behov er kvar enkelt ein del av *vi* i gudstenesta. For Guds andlet skal vi få kjenna att vårt eige liv og samtidig vera med i kyrkjelydens fellesskap.

Liturgien gjev rom for å setja seg sjølv inn i ein større samanheng. Ein kan «lesa inn» seg sjølv i dei bibelske forteljingane og identifisera seg med ulike personar og hendingar i kyrkja si historie. Dei individuelle erfaringane våre kan takast inn i ein ny og meiningsfull samanheng. Slik skaper gudstenesta eit samspel mellom eit *eg* og eit *vi*.

## Samling «i alles sted»

Gudstenesta representerer på same tid eit liv der ein er både himmelvend og jordvend. I lovsong, klagesong, forkynning og forbøn er gudstenesta òg ei handling som famnar mange fleire enn dei som er komne saman. Difor syng vi i ein salme: «Vi samles her i alles sted og bærer verdens bønn om fred til deg som alltid hører» (Svein Ellingsen).

I gudstenesta kjem vi fram for Skaparen av himmel og jord og bed, ikkje berre for kyrkja, men for alle menneske. Vi ber fram takkebøner for alt det skapte, ja, for heile kosmos. Éin stad kan vi finna heilskap og samanheng i vår fragmenterte og oppsplitta verd: Det er når vi er *saman for Guds andlet*.

## Lovsongen – livsens inste meining

I gudstenesta kan vi bli lyfte ut av vår snevre verd og sjå mennesket og skaparverket med nye auge, med Guds auge. Lovsongen vår kling med i det store lovsongskoret, der heile skaparverket ustansleg lovprisar Herrens namn: «Når heile verda syng mot Gud, da gryr den nye dag» (Edvard Hoem).

Men dette gjeld ikkje berre lovsongen: Også klagesongen blir lyft opp til Gud,

klagesongen for dei naudlidande i verda og for skaparverket, som i dag lid under menneskeslekta som handlar grådig og uforstandig. *Saman for Guds andlet* ber vi fram dette ropet frå det djupe: «Kyrie eleison, Herre, miskunna deg.» Slik blir gudstenesta eit svar på Guds kall, på hans nærvær og nåde.

Salmane i Det gamle testamentet viser oss at å lovprisa Gud er livsens inste meining (Sal 36,8–10, Sal 89,16–19, Sal 145,21). Difor har ikkje kyrkja noka rikare og større oppgåve enn å vera ei lovsyngjande og hymnisk rørsle. Og lovprisinga vår tek ikkje slutt når gudstenesta er til ende. Når ein ser det slik, blir etterfølginga og tenesta i verda til ein del av sjølve lovprisinga. For lovsongsofferet (liturgien) i kyrkja kan ikkje vera utan kjærleik (diakonien).

Forfattaren av Hebrearbrevet gjer dette heilt klart: «Lat oss då ved han alltid bera fram for Gud vår lovprising som offer, det vil seia frukta av lepper som vedkjenner hans namn. Men gløym ikkje å gjera godt og dela med andre. For slike offer er til glede for Gud» (Hebr 13,15–16).

## Gudstenestelivet – mellom tradisjon og fornying

Spør vi etter dei lange linene i kyrkjeliv og kyrkjehistorie, er gudstenesta ei slik viktig line. Gudstenesta er ein tradisjon som fører oss heilt tilbake til den eldste tid i kyrkja: hovuddelen Ordet, slik vi kjenner han frå vår eiga gudstenestefeiring, har røter tilbake til den gammaltestamentlege synagoge-gudstenesta. På same måten fører nattverdsdelen oss tilbake til Jesu siste måltid med læresveinane sine, då han sa: «Gjer dette til minne om meg» (Luk 22,19).

Dette inneber ikkje at gudstenesta overalt og til alle tider har vore feira på same måten. Sjølv i tider då gudstenesta var svært standardisert, fanst det variasjonar frå stad til stad. I den aller eldste tid i kyrkja var gudstenestefeiringa prega av mangfald. Men i dette mangfaldet finn vi ein felles grunnstruktur, med Ordet og måltidet som hovudelement, og med søndagen som dagen for feiring av Kristi oppstode og nærvær. Til desse hovuddelane har det vore knytt ein innleiande samlingsdel og ein avsluttande utsendingsdel.

*Struktur* i gudstenesta handlar difor om noko meir enn eit ytre rammeverk. I grunnstrukturen høyrer viktige innhaldselement heime, og på den faste staden sin i gudstenesta. Denne stabile og faste strukturen når det gjeld innhaldet i gudstenesta, er det viktig å ta vare på.

Samtidig skal vi vakta oss vel for å tenkja statisk om denne tradisjonen. Han har til alle tider vore prega av fornying, knytt til ideal i ulike epokar og vakse fram i ulike kulturelle jordsmonn. Men fornyinga ligg ikkje nødvendigvis i eit *oppbrot* frå tradisjonen. I tradisjonen kan det tvert imot vera mykje fornying å henta, og særleg om vi forstår tradisjonen i det lange perspektivet tilbake til den eldste tid i kyrkja.

## Luthersk forståing av gudstenesta

Sentralt i luthersk forståing av gudstenesta er at Ordet skal lyda på folket sitt eige språk, og at kyrkjelyden skal vera aktivt med i gudstenesta, ikkje minst gjennom salmesong. Reformatorane tok vare på den overleverte gudstenesta, men fornya henne ved å fjerna det som vart sett på som teologisk uforsvarleg. Den lutherske identiteten i vår kyrkje er økumenisk, open for å læra og for å henta impulsar frå gudstenestefeiringa i andre kyrkjer. Samtidig må liturgien prøvast på evangeliet, så han kommuniserer bodskapen om Guds nåde i Jesus Kristus. Forholdet mellom det

faste og det frie, mellom einskap og mangfald, er uttrykt slik i eitt av vedkjenningskriftene for kyrkja vår, *Den augsburgske konfesjonen*:

*Like eins lærer dei at det alltid vil vera éi heilag kyrkje. Men kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett. Og til sann einskap i kyrkja er det nok å vera samd om evangelielæra og om forvaltinga av sakramenta. Men det er ikkje nødvendig at det alle stader er einsarta menneskelege overleveringar eller skikkar eller seremoniar som er fastsette av menneske. Som Paulus seier: «Éi tru, éin dåp, éin Gud og Far til alle.» (Artikkel VII Om kyrkja)*

Alle gudstenesteordningar må ein forstå i spenninga mellom tradisjon og fornying. Gudstenesteliv handlar – som namnet seier – nettopp om liv, ja, om sjølve livet. Og liv er alltid liv i endring. Utgangspunkt og basis er gjeve med Jesu Kristi død og oppstode og det som skjedde då nattverden vart innstifta. Då forklarte Jesus meininga i alt saman, og mønsteret for vår eiga gudstenestefeiring vart etablert.

## Når evangeliet slår rot

Evangeliet om Jesus Kristus er det same til evig tid (Hebr 13,8). Men det slår alltid rot i eit bestemt jordsmonn og tek farge av dette jordsmonnet: Det blir *gjort stadeige*, både ved å bli prega av og sjølv prega kulturen på ulike stader og til ulike tider. Gjennom stadeigengjering kan spenninga mellom det universelle og det lokale i kyrkja ikkje berre førast vidare, men òg fornyast. Ei gudsteneste som har vorte stadeigengjort, kan vera livsnær, gje atkjenning og opna for at ein kan bli involvert på eit djupare plan.

Men evangeliet kan òg innebera ein dom over kulturen i kyrkje og samfunn. Det gjeld når denne kulturen ikkje lenger opnar seg for Guds tiltale, når livet ikkje blir fremja og det ikkje blir bygt bruer, men gjerde mellom menneske. Om eit sjølvkritisk medvit ikkje er til stades, risikerer vi at gudstenesta blir sjølvnøgd. I staden for at vi høyrer Guds kall til omvendning og tru, er gudstenesta då berre med på å stadfesta livsstil og tilvande vurderingar.

## Gudsteneste og overlevering av trua

Frå den eldste tid i kyrkja har gudstenesta spela ei avgjerande rolle i overleveringa av kristen tru. Her fekk dei udøypte (katekumenane) innføring i trua, både gjennom forkynning, opplesing av dei heilage skriftene og overlevering av bønner og vedkjenningsord. Slik vart gudstenesta den viktigaste staden for overlevering av kristen tru frå generasjon til generasjon.

Denne funksjonen har gudstenesta hatt like opp til vår eiga tid, og har det framleis. Ved å delta i gudstenesta får ein trusopplæring. Også på andre måtar blir born, unge og vaksne førte inn i truslivet. Når dei lærer Fadervår og truedkjenninga utanåt, er det for at dei skal kunna bruka dei for seg sjølve, men òg for å kunna delta aktivt i gudstenesta i kyrkjelyden, og slik oppleve gudstenesta som si eiga. Det same eigarforholdet skal dei få til salmane i gudstenesta.

Fordi gudstenesta er ein så viktig stad for overlevering av kristen tru frå generasjon til generasjon, bør det leggjast til rette for at også born og unge kan få oppgåver i gudstenesta som medliturgar, gjerne saman med vaksne. Di sterkare dei opplever ei

slik form for aktiv deltaking i gudstenesta, di meir vil dei kunna oppleva gudstenesta som si eiga.

## Gudstenesta som kulturberar

Gudstenestelivet i Den norske kyrkja har ein breiddeverknad som fører ut over kyrkjegrensene i snever forstand. Gudstenesta er ein del av den norske allmennkulturen og har vore det i tusen år, heilt sidan Olav Tryggvason «lét syngja messe» på Moster i år 995.

Det handlar om veksling mellom kvardag og helg, medvit om kyrkjeåret med sine høgtider, og om høgtidsdagar i livet, i sorg og i glede. Det handlar om Bibelen som grunnboka, ikkje berre i kyrkja, men òg for norsk språk og litteratur. Og det handlar om den viktige plassen salmane har i vår allmennkultur.

Skal gudstenestelivet framleis ha sin viktige funksjon som ein del av norsk allmennkultur, er det viktig at kyrkja, både lokalt, regionalt og sentralt, er medviten om sitt samspel med allmennkulturen.

# heilag tid

---

## Utgangspunktet for kyrkjeåret

Jesu oppstode på den første dagen i veka, altså *søndagen*, vart heilt avgjerande for korleis dei første kristne innretta vekedagane. Dei gjorde søndagen til gudstenestedag. På den dagen kom dei saman for å feira Jesu oppstode. At kvar søndag vart ein påskedag, og dermed ein heilag dag, prega oppleving og forståing av sjudagarsveka. Feiringa av Kristus som den oppstadne kom sjølvsagt òg til å prega gudstenesta deira. Kristi oppstode gav gudstenesta eit grunnpreg av glede, forventning og von.

Jesu oppstode vart avgjerande ikkje berre for søndagen og vekedagane, men òg for heile det *kyrkjeåret* som langsamt voks fram. Påskehendinga danna utgangspunktet for kyrkjeåret. Og etter kvart som kyrkjeåret utvikla seg, fekk dei enkelte søndagane tilført ein rikdom av nyansar og variasjonar.

## Påske og pinse

Den *jødiske* påska, som vart feira til minne om at israelittane vart utfridde frå fangenskapet i Egypt, var dei første kristne godt kjende med. Men den *kristne* påskefeiringa handla ikkje først og fremst om utferda frå Egypt. Ho handla om Jesu oppstode frå dei døde, og dermed om at dei vart frigjorde frå synd og død. Den kristne påska vart feira alt frå det 2. hundreåret. Påskenaatta gjorde dei tidleg til ei vakenatt (lat. *vigilie*). I denne natta vart mange døypte, som eit uttrykk for at vi i dåpen *døyr* og *står opp* med Kristus (Rom 6,3–5).

Når påska vart ei så viktig høgtid, var det naturleg å leggja ei førebuaende *fastetid* før denne høgtida. Og fordi evangelia fortel at Jesus fasta 40 dagar i ørkenen, vart fastetida 40 dagar, og blir avslutta med det vi kallar «den stille veka». På grunn av festpreget på søndagen var ikkje søndagane fastedagar, og det er dei heller ikkje i dag. Det gjer at heile fastetida strekkjer seg over eit lengre tidsrom enn 40 dagar.

Etter påske var det òg naturleg å ha med ei *festtid*. Det vart til ei gledesetid på heile 50 dagar. Dei første 40 dagane har sin bakgrunn i at Kristus viste seg for læresveinane i 40 dagar etter oppstoda (Apg 1,3). Desse 40 dagane markerer ein i mange kyrkjer i dag ved at det store påskelyset, som blir tent påskenaatta eller påskemorgonen, brenn på alle gudstenester fram til evangelieteksten er lesen helgetorsdag. Og dei siste 10 dagane, som er tida mellom Kristi himmelferd og pinse, har sin bakgrunn i at læresveinane venta og bad i 10 dagar om at Den heilage ande måtte koma over dei. Dette hende *pinsedag*, som tyder «den femtiande dagen» (etter påske).

Både påske og pinse overtok ein frå jødedommen. Den jødiske pinsa var både ein takkefest ved avslutninga av kornhausten (5 Mos 16,9 f.) og ei feiring av at Moses tok imot dei ti boda på Sinaifjellet 50 dagar etter utferda frå Egypt (2 Mos 19–20). Men begge desse jødiske høgtidene fekk eit nytt innhald. Den kristne pinsa vart feira frå ca. år 200. I mellomalderen vart òg pinsetida ei dåpstad, då dei døypte vart kledde i kvite klede. Difor heiter pinse òg *kvitsunn* på nynorsk, og på engelsk kan pinse omtalast både som *Pentecost* og som *Whit Sunday*.

Vår tidfesting av påska vart avgjort alt på Kyrkjemøtet i Nikea i år 325: Påskedag skulle feirast på den søndagen som følgjer etter første fullmåne etter vårjamdøgn, som

er 21. mars. Fordi påska følger månefasane, kjem påska somme år tidleg, andre år seint. Og sidan pinse alltid kjem på den femtiande dagen etter første påskedag, blir pinsa tilsvarande tidleg eller sein.

## Jul og openberringstida

Det kristne kyrkjeåret er bestemt av Kristus-hendingane. Det er desse hendingane som pregar og helgar året. Vårt kyrkjeår i dag byrjar med *adventstida*, som voks fram på 400-talet og som er ei 4 vekers førebuingstid til julefesten. Den kristne *jula* vart først feira frå rundt år 330, etter at martyrtida var over. Ein gammal martyrdag som vi framleis feirar, er *Stefanusdagen* (Apg 6,8–8,1). Han fell på 26. desember, altså 2. juledag, og er eldre enn den kristne julefeiringa 25. desember.

Kvifor kom julefeiringa så seint inn i kyrkjeåret? Hos oss er då jula den store festtida!

Det kan ha vore fleire grunnar til dette. Ei enkel forklaring er at ein visste dagen for Jesu død og oppstode, men ikkje for Jesu fødsel. Ein annan grunn kan vera at kristne ikkje brukte å feira fødselsdagar. Og når dei feira martyrane, feira dei ikkje fødselsdagen deira, men dødsdagen.

Etter kvart vart det svært viktig å feira Jesu fødsel som uttrykk for *inkarnasjonen*, det at Gud vart menneske i Jesus Kristus. Og 25. desember var ein stor festdag i Romarriket, der ein feira «fødselsdagen for den uovervinnelege sola» (lat. *dies natalis Solis invicti*). I Bibelen blir Kristus omtala som «rettferdssola» (Mal 4,2) og som «lyset i verda» og dette gav godt høve til å kristna solfesten i Romarriket.

I Austkyrkja slo julefeiring 25. desember aldri igjennom, og framleis feirar ein i dei ortodokse kyrkjene Jesu fødsel 6. januar. Dette var ein gammal og etablert festdag i kyrkjeåret, og han blir kalla *openberringsdagen* (gr. *epifania*). Festdagen handlar om at Jesu guddom vart openberra, først og fremst då han vart døypt i elva Jordan og byrja gjerninga si (Matt 3,13–17). Og då tradisjonen sa at Jesus vart døypt den dagen han fylte 30 år, fall denne datoen saman med fødselsdagen hans.

Openberringsdagen vart byrjinga på tida etter jul, som vi kallar *openberringstida*. I bibeltekstane som blir lesne i gudstenesta i openberringstida, høyrer vi om korleis Jesu guddommelege natur kom til uttrykk alt i jordelivet hans. Forteljinga om vismennene som tilbad barnet Jesus, varslar om at frelsa skulle nå ut til alle folkeslag. Då Jesus gjorde vatn til vin under i bryllaupet i Kana, var det eitt av dei mange teikna han gjorde. Desse forteljingane fekk tidleg sin plass i openberringstida, saman med forteljinga om då læresveinane fekk sjå Jesu herlegdom på fjellet, som blir lesen på den dagen vi kallar *Kristi forklåringsdag* (Matt 17,1–9).

Dei kristne hovudhøgtidene går altså frå 1. søndag i advent til pinse, eit tidsrom som ofte blir omtala som «festhalvåret» i kyrkja. Då feirar vi dei tre kristne hovudhøgtidene jul, påske og pinse. I «festhalvåret» følgjer vi Jesu liv og gjerning i den rekkjefølgja som evangelia fortel om det.

## Treiningstida

Etter «festhalvåret» følgjer *treiningstida*. Ho tek til søndag etter pinse, *treiningssøndag*, ein dag som først byrja å bli feira på 900-talet. I treiningstida blir det gjennom bibeltekstane ein les i gudstenesta, sett lys på ulike sider ved den treeinige Gud og det kristne livet. Heile denne kyrkjeårsperioden har ikkje vakse fram etter ein like samanhengande plan som festhalvåret, og det er store variasjonar mellom



kyrkjesamfunna når det gjeld korleis dagane og bibeltekstane er plasserte og ordna. Ein kan likevel seia at treeiningstida har preg av å vera ei vekst- og modningstid, og det blir symbolisert ved at tida har den grønne liturgiske fargen.

Nokre dagar i treeiningstida har likevel sine eigne namn, tema og liturgiske fargar. Det gjeld desse søndagane:

*Aposteldagen* er 6. søndag i treeiningstida. Dagen handlar om korleis Gud kalla apostlane og andre til si teneste. Den liturgiske fargen er raud.

*Vingardssøndagen* er lagd til 14. søndag i treeiningstida. Namnet viser til Jesu likning om arbeidarane i vingarden (Matt 20) og handlar om kallet til å arbeida i Guds rike på jorda. Som dei fleste søndagane i treeiningstida er den liturgiske fargen grøn.

*Bots- og bøneden* siste søndagen i oktober. Namnet fortel tydeleg om særpreget denne søndagen, og den liturgiske fargen er fiolett.

*Helgemessesøndag* blir feira søndagen etter bots- og bøneden, altså første søndagen i november. Dette er ein dag med fokus på dei som har gått føre oss i trua, og som no er hos Gud. Den liturgiske fargen er kvit.

*Siste søndag i kyrkjeåret* eller *Kristi kongedag* har som tema at Kristus til slutt skal dømma verda med rettferd. Dagen er den siste i treeiningstida, og den liturgiske fargen er grøn.

I tillegg har vi fleire kyrkjelege og nasjonale merkedagar:

*Nyttårsdag* (1. januar) er ein nasjonal merkedag, men som òg går inn i kyrkjeåret som *Jesu namnedag*.

*Kyndelsmesse* (2. februar) er Marias reinsingsfest, til minne om at barnet Jesus vart bore fram i tempelet (Luk 2,22–40).

*Samefolkets dag* (6. februar) vart av samane i Norden i 1992 erklært som ein felles samisk nasjonaldag.

*1. mai* er dagen for den internasjonale arbeidarrørsla.

*17. mai* er Noregs nasjonaldag.

*Sankthansdagen/jonsok* (24. juni) er ei feiring av fødselsdagen til døyparen Johannes. Ifølgje Det nye testamentet vart Johannes fødd seks månader før Jesus (Luk 1,23 f.)

*Olavsdagen* (29. juli) er til minne om nasjonalhelgenen vår, Heilag Olav, som døydde i slaget på Stiklestad i 1030.

*Mikkelsmesse* (29. september) er ein gammal høgtidsdag som er teken inn att i kyrkjeåret i Noreg, etter offisielt å ha vore avvikla sidan den store reduksjonen av festdagar i 1770. Dagen er vigd til erkeengelen Mikael og alle englane.

*Reformasjonsdagen* (31. oktober) er til minne om dagen då Martin Luther slo opp dei 95 tesane på kyrkjedøra i Wittenberg, og ein dag for markering av reformasjonen og budskapet som reformasjonen inneber.

Somme av desse dagane blir feira berre på sjølve dagen, medan andre kan markerast i gudstenesta den påfølgjande søndagen.

Til ulike tider i året kan ein feira *temadagar*. Desse dagane varierer altså frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Det gjeld hausttakkefest, minnedag for dei døde, dagar for skaparverket, for kristen einskap, for rettferd og fred og for forfølgde.

## Å leva i kyrkjeåret

Kyrkjeåret gjev ein meiningsfull struktur for året og fyller dagar og årstider med eit kristent innhald. Vi møter gjennom året ein rikdom av bibelske og kyrkjhistoriske hendingar, motiv og symbol. Kyrkjeåret pregar gudstenestene og tilfører gudstenestelivet variasjon, slik at kvar søndag og helgedag får sin særlege karakter. Fordi både bibeltekstane, mange av bønene og andre delar av gudstenesta er prega av kyrkjeårstida og av den enkelte søndagen, kan gudstenesta hjelpa oss til å «leva i kyrkjeåret». Vi har behov for å skilja mellom ulike dagar og årstider. Kyrkjeåret og vekslingar i naturen pregar kvarandre og gjev endå meir farge til høgtidene og opplevinga av årstidene.

I kyrkjeåret feirar vi dei grunnleggjande Kristus-hendingane, som minner oss om det vi har fått del i gjennom dåpen og trua. Samtidig ser vi med von fram mot det som enno ikkje er oppfylt. Vår kristne tru inneber ei spenning mellom eit *allereie no* – altså, det vi alt eig og har fått i trua – og eit *enno ikkje* – alt som enno ikkje har hendt, men som vi i vona ser fram mot. Kyrkjeåret kan gje oss struktur, mening og hjelp til å leva i denne spenninga, ikkje berre når vi er på gudsteneste, men òg når vi blir sende ut til kvardagen i teneste for Gud, medmenneske og alt det skapte.

## Liturgiske fargar

Føremålet med dei liturgiske fargane er òg å gje oss hjelp til å «leva i kyrkjeåret». Kvar dag og kyrkjeårstid blir symbolisert med ein farge, som gjev oss eit inntrykk av karakter og stemning i dagen og tida. Den kvite fargen vart tidleg brukt i kyrkja som uttrykk for det reine og det høgtidsfulle, og nydøypte vart kledde i ei kvit drakt like etter dåpen. Med utviklinga av kyrkjeåret kom fleire fargar i bruk, først og fremst på gudstenestekleda til prestane, som stola og messehaket. Pave Innocens III (pave 1198–1216) tilrådde fire fargar: kvitt, raudt, grønt og svart eller fiolett.

Desse fire fargane vart først offisielt omtala hos oss i prøveliturgien av 1969, men vart innførte i samband med gudstenestereforma av 1977. Prestane fekk ny liturgisk drakt med kvit *alba* og med *stolaer* (breie band) i kvar av dei fire liturgiske fargane i 1980. Det vart òg vanleg å utforma andre tekstilar i dei fire fargane, som *antependiet*, som heng ned frå altaret, og *preikestolkledet*. Mange lèt òg dei liturgiske fargane prega heimane, mellom anna med kva for fargar dei bruker på festbord i dei ulike kyrkjeårstidene.

Kva dei liturgiske fargane symboliserer, og når ein bruker kvar av dei i kyrkjeåret, er omtala i Retningsliner for bruk av liturgiske fargar (sjå side 5.21).

# heilagt rom

---

Den kristne gudstenesta er ei samling om Ordet og sakramenta. Kyrkjelyden treng ein høveleg stad til denne samlinga. Eit vigsla kyrkjerom som gjev oss ein stad der vi kan feira gudsteneste, er eit heilagt rom.

## Frå tempel og synagoge til kyrkje

Når vi les Det nye testamentet, oppdagar vi at dei aller første kristne hadde kontakt med tre slag gudshus, før det vart bygt noko nytt og eige kyrkjebygg:

- 1 *Det jødiske tempelet i Jerusalem* var eit kjent mål for jødiske pilegrimar. Mange fór dit for å feira høgtidene og markera det vi ofte kallar *livsriter*. Sentralt ved tempelet var offerhandlingane, med høgdepunktet i soningsofferet på den store soningsdagen.

Dei første kristne var ikkje med på ofringane i tempelet, men samla seg likevel på tempelplassen til bønnetidene (Apg 2,46 og 3,1). Dei brukte tempelet som ein *bønestad*, noko som Jesus òg hadde framheva som det sentrale ved tempelet (Matt 21,12 f.). Salmane i Det gamle testamentet, ei bønabok som dei første kristne var godt kjende med, speglar av mykje av bøn livet i tempelet. Frå tempelgudstenesta kan urkyrkjelyden i Jerusalem, og andre forsamlingar som hadde denne kyrkjelyden som førebilete, ha vidareført noko av tempelsongen, ikkje minst ut frå ei forståing av Jesus-kyrkjelyden som eit kongeleg presteskap.

- 2 *Dei jødiske synagogane* fanst over heile Romarriket og vart ein viktig møtestad for dei første kristne. Her knytte dei kontaktar og forkynte Kristus blant jødar og andre interesserte som samla seg der (Apg 13,13 f.). Sjølv om vi veit lite om synagogegudstenesta på denne tida, meiner ein at ho inneheldt skriftlesing, preike og felles bøn, slik evangelia òg gjev eit bilete av (Luk 4,14 f.). Resitasjon og songleg resitasjon kan òg ha vore praktisert i synagogane på Jesu tid.

Jesus hadde delteke i synagogegudstenesta og undervist både i synagogar og i den ytre føregarden i tempelet. Difor heiter det i Johannesevangeliet: «Eg har tala ope for heile verda. Eg har alltid undervist i synagogar og i tempelet, der alle jødar kjem saman; eg har i aldri tala i løynd» (Joh 18,20). Apostelgjerningane fortel at apostlane òg gjorde dette, men den offentlege forkynninga deira gjekk først og fremst føre seg på torga og i lokale som ikkje var til kultisk bruk (Apg 17,16 f. og 19,8–10).

- 3 *Private hus og heimar*. Vi veit at frå første stund hadde kristne eigne samlingar i private hus og heimar. Der «braut dei brødet og åt i lag med ekte og inderleg glede» og «lova Gud», heiter det (Apg 2,46 f.). Her feira dei altså måltid, slik Jesus hadde gjort, og *nattverd* (1 Kor 10 og 11). Forløparane til våre kyrkjebygg finn vi først og fremst i desse særskilt vigsla gudstenesteromma i husa til rike menneske i kyrkjelyden. Ein kan seia at dei romma der dei samla seg, vart deira *tempel*, ettersom Jesu offerdød erstatta alle sonings- og offerhandlingar som høyrde til i tempelet. Dette kom tydeleg til uttrykk i nattverdsmåltidet, som var den nye arven frå «rommet ovanpå», der Jesus innstifta dette måltidet (Mark 14,15). Når dei

samla seg, vidareførte dei òg skikkane i *synagogen*, med bøn, skriftlesingar og preike. Samtidig vart alt dette omforma i lys av trua på Kristus.

Desse private husa vart tekne i bruk som det vi kallar *kyrkjer*. Først på 300-talet vart det bygt store og offentlege kyrkjebygg. Dette gav heilt nye vilkår for dei kristne og førte til store endringar i gudstenestelivet og livet i kyrkjelydane. Ordet *kyrkje* kjem av det greske ordet *kyriake*, som tyder «det som høyrer Herren til». Ordet står først og fremst som nemning på dei *kristne*, altså *menneske* som høyrer Kristus til. Fordi dei kom saman til gudsteneste i eigne lokale, har ordet òg vorte brukt om *kyrkjebygg*. Ordet *kyrkje* i denne meininga, er difor ei avleidd tyding. Sidan ordet har denne doble tydinga, kan ein seia: «Kyrkja er staden der kyrkja samlast» (Augustin).

## Bøneretning mot aust (*ad orientem*)

Dei eldste stadene der kristne samla seg, vart innretta i samsvar med den kristne gudstenesteforma og dåpspraksisen, slik han utvikla seg. På desse stadene finn ein eit eige rom med dåpsbasseng, og ein større sal der dei har feira gudsteneste. Utgravingar av dei eldste huskyrkjene i Midtausten (tidleg i det 3. hundreåret) viser at kyrkjelyden vende seg *mot aust* i bønene sine. Ein stad i Syria (Dura Europos) var det bygt ei 20 cm høg plattform. Ein reknar med at gudstenesta vart leidd frå denne plattformen, som var i den austre delen av rommet. Desse romma hadde òg mosaikkar og graffiti med kristne motiv på austveggen. Ein kan sjå på dei som forløparane for altartavlene, som kom mykje seinare.

Truleg er bøneretninga mot aust (lat. *ad orientem*) det eldste kyrkjeromsprinsippet. Det ser ut til at Ireneus (ca. år 185) har gått ut frå at kristne vende seg mot aust når dei bad, slik ein nokså sikkert gjorde i tempelet i Jerusalem. Svært gamle synagogeruinar tyder òg på at jødar utanfor Jerusalem bad mot aust, men at denne skikken etter kvart vart borte, og at ein i staden fekk bøn mot Jerusalem. Både behovet for å avgrensa seg overfor kristne, og seinare overfor muslimane som bad mot Mekka, kan ha hatt sitt å seia når den jødiske bøna vart fastlagd som ei bøn vend mot Jerusalem.

Augustin (354–430) forklarar den gamle kristne skikken med å be mot aust slik:

*Når vi står opp for å be, vender vi oss mot aust, der himmelen byrjar. Og vi gjer ikkje dette fordi Gud er der, som om han hadde fjerna seg frå dei andre himmelretningane på jorda – men heller for å hjelpa oss å hugsa å venda våre sinn mot ein høgare orden, det er Gud.*

Framleis er dei fleste kyrkjebygga – men langt frå alle – vende mot aust (*ad orientem*). Det er kristen gravskikk å leggja dei døde slik at andletet ser mot aust, i forventning om at Kristus skal koma att (Matt 24,27). Ordet *orientera* tyder rett og slett «venda seg mot aust». Dette galdt òg då kristendommen vart innført i Noreg, slik det heiter i Gulatingslova: «Det er opphavet til lovene våre at vi skal bøya oss mot aust og beda til den heilge Krist om godt år og fred.»

Å venda seg mot aust når ein bed, kan verka framandt for oss i dag. Vi er ikkje så medvitne når det gjeld himmelretningane, og tenkjer ikkje så «kosmisk» når vi bed. Andre har framheva at dette kan hjelpa oss i dag til å venda oss *mot Gud* (lat. *versus Deum*), og ikkje stengja oss inne i eit internt gudstenestefelleskap. Det er ulike oppfatningar mellom fagfolk i liturgi om kor mykje ein bør leggja vekt på den austvende bøneretninga i gudstenesta.

I kyrkjene våre er dette den tradisjonelle bøneretninga. Presten står framfor altaret og vekslar mellom å venda seg mot aust (og mot altaret) – og mot kyrkjelyden. Det kan liggja ein pedagogisk verdi i denne vekslinga: Når liturgen vender seg mot kyrkjelyden, talar han/ho på Guds vegner til kyrkjelyden. Når liturgen vender seg mot aust, bed han/ho til Gud på vegner av kyrkjelyden.

Andre meiner at den vekslinga liturgen gjer mellom å venda seg mot kyrkjelyden og mot Gud, set eit for bastant skilje mellom desse to sidene ved gudstenestefeiringa vår. Endå viktigare er at vendinga som liturgen gjer mot aust, skaper avstand mellom prest og kyrkjelyd og ikkje formidlar godt nok at Kristus er *midt iblant oss*.

## Bøneretning mot folket (*versus populum*)

Alternativet til bøneretninga mot aust er bøneretninga *mot folket* (lat. *versus populum*). Mange meiner at dette er den mest opphavlege bøneretninga i gudstenesta. Når liturgen i dette tilfellet står for altaret, står han/ho bak eit frittstående altar og er heile tida vendt mot folket. På denne måten trer altaret tydelegare fram for kyrkjelyden. Mange synes at gudstenesta på denne måten får eit sterkare preg av fellesskapet mellom prest og kyrkjelyd. Denne bøneretninga har difor vorte meir og meir vanleg i nye kyrkjer som blir bygde, både i Noreg og i andre land.

At nattverden opphavleg var prega av eit nært fellesskap, er tydeleg nok. I heimane der dei første kristne samla seg, var det ikkje så mange som kunne vera med. Ved Jesu siste måltid har ein truleg, i samsvar med bordskikken i antikken, lege på benker som var sette i ei U-form. Æresplassen var fremst til høgre, ikkje i midten eller på den motsette sida av bordet. Alle var vende framover i same retninga. Samtidig var dei i høgste grad nær kvarandre og vende mot kvarandre. Å greia å få til denne kombinasjonen i ei større forsamling er ikkje så lett. Ein må difor gjera eit val om liturgen skal stå bak eller framfor altaret.

Det finst fleire gamle kyrkjer frå det fjerde hundreåret, særleg i Roma, kyrkjer som vart bygde vestvende. Her står liturgen bak altaret og vender seg heile tida mot kyrkjelyden (t.d. i Peterskyrkja). Mange har sett på dette som eit uttrykk for ein gammal og opphavleg måte å feira nattverd på. Andre, derimot, har hevda at grunnen til denne gamle praksisen i *vestvende* kyrkjer i Roma ikkje var ønsket om at presten heile tida skulle venda seg *mot folket* (*versus populum*). Grunnen var rett og slett at når kyrkjelyden var vend mot vest, måtte i alle fall *liturgen* venda bøna «rette vegen», altså *mot aust*.

Luther var inne på tanken om *versus populum* i 1526. I Innleiinga til *Deutsche Messe* (= messe på tysk), skriv han dette – ein radikal tanke i samtida hans:

*Ved ei rett messe mellom verkelege kristne måtte altaret bli forandra og presten måtte heile tida venda seg til folket, slik Kristus utan tvil har gjort det i nattverden. Men dette får utsetjast til si tid.*

Innvendingar mot at liturgen står bak altaret, er at liturgen som person kjem for sterkt i fokus, og at denne praksisen ikkje formidlar godt nok at bøna blir retta mot «ein høgare orden» (Augustin), altså mot Gud. Men i kyrkjer der liturgen er vend *versus populum*, kan bøneretninga mot «ein høgare orden» gjerast tydelegare ved at ein i bøna vender blikket oppover.

Det kan vera gode grunnar både for å velja bøneretning *ad orientem* og for å velja *versus populum*. I kyrkjene våre er begge desse bøneretningane i bruk og blir rekna

som to likeverdige former som på ulik måte framhevar vesentlege sider ved den kristne trua. Ofte er utforminga av kyrkjerommet avgjerande for kva for alternativ ein vel.

## To hovudformer for kyrkjebygg

Då kristne fekk høve til byggja egne kyrkjer, eller overta andre større bygg, vart den bygningstypen som blir kalla *basilika* (gr. = kongeleg) ofte brukt. Basilikaen har eit konstruksjonsprinsipp som gjorde det mogleg å byggja store rom. I basilikaen er det eit høgt midtskip og to lågare sideskip. Skipa er skilde av søylerekkjer, og det er relativt gode lysforhold i rommet. Når ein bygde slike kyrkjer, var det gjerne ein halvrund nisje (*apsis* eller korparti) som gav ein naturleg plass til altaret, og bak altaret plasserte ein bispestolen (gr. *kathedra* – av det ordet *katedral*), der preika vart halden. Denne plasseringa gav ei god akustisk løysing. For kyrkjelyden vart det lett å høyra preika.

I seinare hundreår vart nisjen ofte bygd som eit langt korparti for å gje plass til kor og prestar som deltok i gudstenesta. Det førte til at altaret kom lenger bort frå kyrkjelyden. Slike lange kyrkjebygg uttrykkjer at kyrkjelyden er undervegs på ei pilegrimsvandring mot det evige målet (lat. *via sacra* = den heilage vegen). I mange hundreår, frå tidleg i mellomalderen, var *langkyrkja* ei dominerande kyrkjeform.

Ei anna hovudform for kyrkjebygg er *sentralkyrkja*. Her er altaret ikkje plassert i eit korparti, men noko lenger nede, som eit midtpunkt. Ofte sit kyrkjelyden på ulike sider av altaret. Forma uttrykkjer at Kristus er midt iblant oss, her og no.

Sentralkyrkjer kan vera åttekanta eller runde eller vera krosskyrkjer med korte eller like lange krossarmar. I Noreg vart det bygt sentralkyrkjer på 1700-talet.

Opplysningstida sette sitt preg på denne perioden, og somme av kyrkjene vart bygde utan altar, berre med ein dominerande preikestol, som i Kongsberg og Røros.

Først frå andre halvdel av 1800-talet fekk langkyrkja på nytt dominans. Då gjorde nygotikken sitt inntog, og vi fekk den største kyrkjebyggingsperioden i Noreg nokon gong. Men den første nygotiske kyrkja, Trefoldighetskirken i Oslo frå 1858, er eit interessant kompromiss mellom den eldre lutherske sentralkyrkja og den nye gotiske stilen med kor.

Med utgangspunkt i den internasjonale liturgiske rørsla har ein i dei siste tiåra vurdert sentralkyrkja som den mest ideelle kyrkjeforma. Det er òg den kyrkjeforma vi har færrest eksemplar av, og mange ønskjer difor å byggja fleire slike. Dei fleste nye kyrkjene i Noreg er difor sentralkyrkjer.

Begge kyrkjeformene seier noko viktig om den kristne gudstenesta, og begge kan ha sine veike sider. Den første forma legg vekt på dette «enno ikkje» i vår tru, den andre uttrykkjer eit «allereie no» i trua. Den første forma uttrykkjer at Gud er heilag og transcendent og rekk ut over vårt avgrensa fellesskap (Jer 23,23), den andre uttrykkjer at Gud er oss nær i sitt hus (Sal 65,5), at Gud er midt iblant oss. Begge delar er like viktige

(Jes 57,15). Ofte handlar det om å skapa ein god balanse mellom distanse og nærleik i samspel med det kyrkjerommet der ein feirar gudstenesta.

## Inventaret i kyrkjerommet

Når ein forstår gudstenesta som kyrkjelyden som samlar seg om «Ord og sakrament», vil dette naturleg nok gje seg uttrykk både i forma på kyrkjerommet og inventaret i rommet. For «liturgien må vera byggherre», har det vore sagt. Eit altar, ein døypefont,

ein lesepult og ein preikestol er konkrete uttrykk for den sentrale rolla Ordet og sakramenta har i gudstenestelivet.

Symbol og bilete i kyrkjerommet forkynner på ein synleg måte den kristne bodskapen, gjer kyrkjerommet vakrare og hjelper kyrkjelyden når dei skal tilbe og svara på kall og forkynning. Det same gjeld klangane som lyder i kyrkjerommet, som kor, forsongarar, orgel, kyrkjeklokker og andre musikkinstrument. Å skapa den rette akustikken i kyrkjerommet er alltid krevjande, fordi akustikken både skal gje kyrkjelyden hjelp til å oppfatta klart alt som blir sagt, og til å lyfta kyrkjelyden i song, i bøn og tilbeding, og hjelp til på ein god måte å oppleve musikken som fyller rommet.

## altaret

For den som kjem inn i kyrkjerommet, er det *altaret* som står fram som det sentrale midtpunktet og tyngdepunktet. Altaret er eit *nattverdsbord* og har difor form som eit bord. Til dette bordet blir det bore fram brød og vin, og vi blir minte om det Jesus gjorde då han gav sitt liv for oss. Gjennom nattverdsbøna blir brød og vin vigsla slik at det representerer og verkeleg er Jesu lekam og blod. Slik blir sjølv altaret eit symbol på Kristi nærvær. Altaret, ikkje altartavla, er det sentrale og samlande punktet i gudstenerommet.

Altaret er òg i ein viss forstand eit *offerbord*. I den kristne kulten og tilbedinga må dette forståast som eit *takkofferbord*. Offeret vi ber fram til altaret, er takk for Guds velgjerningar mot oss, både for skaping og for frelse. Eit anna ord for nattverd er *eukaristi*, som kjem av det greske ordet for «takk». I tråd med dette kallar vi gjerne pengeinnsamlinga eller kollekten «takkoffer», ikkje «offer». Det er berre eitt offer som gjeld i den kristne gudstenesta, og det er det offeret Jesus Kristus bar fram for Faderen på våre vegner, og som vi feirar i nattverdsliturgien. Det opphevar alle framtidige soningsoffer frå vår side. Vi ber fram til altaret *takkoffer*, som er brødet og vinen, som vi så etterpå tek imot som Jesu lekam og blod og slik får del i Kristi soningsoffer. Og djupast sett ber vi fram oss sjølv og våre liv i tilbeding og takk.

På 1000-talet byrja ein i Vestkyrkja å ta imot nattverd knelande, anten ved eit trappetrinn eller ved ein *altarring*. I svært mange lutherske kyrkjer i dag finst det ein slik altarring, som ein òg tek i bruk ved andre kyrkjelege handlingar, som forbøn, konfirmasjon og allment skriftemål. Altarringen er underordna nattverdsbordet, og dette kan synleggjerast i nye kyrkjer ved å utforma altarringen med ei opning på framsida. Slik står altaret tydelegare fram, og den opne vegen vi har til Gud gjennom Jesus Kristus, blir framheva.

I Ordning for hovudgudsteneste står det at ein kan ha eit mindre *sidebord* der brød og vin står før det blir bore fram til nattverdsbordet. Det blir så sett tilbake på sidebordet etter at måltidet er over. Et slikt sidebord skal berre tena til å tydeleggjera måltidskarakteren i nattverden, ved at ein på ein måte som er synleg for alle, dekkjer på og dekkjer av nattverdsbordet under gudstenesta. Sidebordet kan stå i nærleiken av altaret, eller ein høveleg stad lenger nede i kyrkjerommet.

For å synleggjera at det er både «ord og sakrament» som gjer kyrkjerommet heilag, kan Tekstboka eller Bibelen som blir brukt i gudstenesta, leggjast på altaret før gudstenesta og når gudstenesta er slutt. Boka kan òg liggja permanent på altaret mellom gudstenestene.

## døypefont

Frå gammalt av gjekk dåpen føre seg i eit anna rom enn gudstenesterommet, men kom etter kvart inn i sjølve kyrkjerommet. Difor er *døypefonten* ein viktig del av inventaret i kyrkjerommet. Dåpen representerer inngangen i det kristne livet, og fonten kan difor vera plassert nær inngangen til kyrkjerommet. I dei fleste norske kyrkjene er døypefonten plassert lenger framme i kyrkjerommet, for at det skal vera lett for alle å sjå dåpshandlinga. Mange kyrkjelydar har teke i bruk dåpslys, og tenner dei anten frå eit av altarlysa eller frå eit eige *påskelys*, som står nær døypefonten. Ifølgje Ordning for dåp skal dåpslysa plasserast i ein *lyshaldar* og brenna fram til gudstenesta er slutt.

## lesepult og preikestol

Ordet blir synleggjort ved ein lesepult i korpartiet i kyrkja. Lesepulten kom svært tidleg inn i den kristne gudstenesta. Preikestolen, slik vi kjenner han frå kyrkjene våre, kom først inn i kyrkja i mellomalderen med dei folkelege preikene til tiggarmunkane. Denne vektlegginga av preika vart vidareført i den preikevekkinga som reformasjonen representerer. Som eit sentralt inventar i kyrkjerommet tente preikestolen til å synleggjera den viktige rolla som forkynninga har i gudstenesta, og gjorde det òg lettare for alle å høyra. Preikestolen har sitt opphav i biskopsstolen i oldkyrkja. Der sat biskopen medan han heldt preika. Men vi veit òg at fleire av kyrkjefedrane, som ofte var biskopar, heldt preikene sine frå lesepulten. I føresegner om hovudgudstenesta står det at «preika held ein til vanleg frå preikestolen».

På 1400-talet vart det vanleg med *benker* i kyrkjene, ettersom preika fekk ei meir sentral rolle. I dei første hundreåra etter reformasjonen knelte ein gjerne under visse ledd i gudstenesta, og *kneleskamlar* kom inn etter kvart. Slike former for varierte kroppslege uttrykk for tilbeding kan gjera gudstenestelivet rikare. Dette kan òg praktiserast på andre måtar i form av mellom anna lystenning, bønnevandringar, forbøn ved altarringen, handtrykk under fredshelsing og felles stille.

## Utforming av gudstenesta i ulike kyrkjerom

I Ordning for hovudgudsteneste er det svært sjeldan vist til stader i kyrkjerommet der dei enkelte ledda kan lesast. Dette er for å ta vare på fleksibiliteten i svært ulike kyrkjerom. Det er viktig at gudstenesta i kyrkjelyden blir utforma i eit nøyte samspel med kyrkjerommet.

I gudstenesteordninga frå 1977 vart skriftlesingane flytta frå altaret og frå presten til lesepulten og ein medliturg. Liturgen skulle då forlata altaret og gå til stolen sin. Tanken var at liturgen ikkje skulle stå ved altaret når han/ho ikkje hadde nokon altarfunksjon. Denne tendensen er endå sterkare i Ordning for hovudgudsteneste. Samtidig blir det framheva at liturgens rolle som leiar av gudstenesta skal koma til uttrykk ved at han/ho har ein eigen stol som er plassert godt synleg i kyrkjerommet. Der lyttar liturgen til skriftlesingane, og er med i salmesongen og i forbøna når ho blir leidd av andre forbønsleiarar.

Ordning for hovudgudsteneste legg opp til samspel mellom liturgen og ulike medliturgar, og dette må utformast på ein gjennomtenkt måte i forhold til dei føresetnadene som ligg i kyrkjerommet. I innleiingsdelen av gudstenesta kan dette innebera at medan medliturgen står ved lesepulten, står liturgen anten ved stolen sin, eller i korpartiet, parallelt med medliturgen som les samlingsbøna. Under inngangsordet vender liturgen seg til kyrkjelyden, men under ledda Kyrie, Gloria og



Dagens bøn vender han/ho seg mot altaret. Under syndsvedkjenninga kneler liturgen, vend mot altaret.

Det er likevel ikkje sikkert at denne normalordninga vil vera den beste måten å gjera dette på i alle kyrkjer, særleg ikkje i små kyrkjer. Ved altaret kan vera den einaste moglege eller naturlege plassen for liturgen å stå ved i innleiingsdelen av gudstenesta.

I ei kyrkje der kyrkjelyden opplever å ha lang avstand fram til altaret, vil det derimot vera ei god ordning at liturgen leier gudstenesta, bortsett frå nattverdsliturgien, frå ein plass i koret. Liturgen går så til altaret under takkofferet (ledd 18) og forrettar nattverdsliturgien der. Altaret blir då framheva som *nattverdsbord*. Utdelinga kan ein anten ha ved altaret eller nærare kyrkjelyden.

Ein alternativ måte å utføra dette på i ei kyrkje med svært lang avstand fram til altaret, kan vera å setja inn eit *framflytta altarbord* nærare kyrkjelyden. Slik gjer ein i mange eldre kyrkjer, der altaret inst i koret gjerne er fest til ei altartavle eller til veggen. Dermed er det umogleg for liturgen å stå bak altaret og å be nattverdsbøna vend mot folket.

Når ein bruker eit framflytta og frittstående altarbord, bør dette bordet ha ein storleik og ei visuell tyngd som gjer at det står tydeleg fram som altarbordet i kyrkja. Då er det dette altarbordet som liturgen og kyrkjelyden vender seg mot i bønene sine. Føresetnaden er at ein ikkje i tillegg tek i bruk det opphavlege altaret med tende altarlys og tilhøyrande altarring. Berre eitt altar skal takast i bruk i gudstenesta, fordi altaret er det sentrale symbolet på den treeinige Guds nærvær, og skal vera ein fokusert stad i kyrkjerommet og i gudstenesta.

Samla sett er det mange omsyn å ta i arbeidet med å leggja til rette for eit rikt og meiningsfullt gudstenesteliv. Det gjeld både utforminga av handlingsgangen i gudstenesta, utforminga av dei variasjonane som kyrkjeåret gjev, og den romlege dimensjonen som gudstenesta er sett inn. Men midt i alt dette må vi ikkje gløyma Jesu ord om at no gjeld det verken om ein tilbed «på dette fjellet eller i Jerusalem». For «den timen kjem, ja, han er alt komen, då dei sanne tilbedarane skal tilbe Far i ånd og sanning» (Joh 4,21–23).

Desse orda inneheld ein sunn korreksjon, men òg ein lovnad full av glede til alle som er opptekne av liturgi og korleis den kristne gudstenesta skal feirast. Den timen Jesus talar om, «er alt komen» (Joh 4,23).